




Andre, tredje og fjerde klasse song ein overraskande variant av musevisa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det heitte juleavslutning for skulen, men kunne og vore kalla juleopning for Uskedalen. Meir enn 250, det vil seia meir enn sin fjerdedel av innbyggjarane, toga gjennom ein alle av ljos frå bensinstasjonen til Dønhauglåven måndag ettermiddag. Og for ei juleopning det vart! Til og med Dønhaug-katten Brælo tok ivrig del i festen!



Dønhaug-katta Brælo var ein engasjert deltakar i festen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I motsetnad til under platelanseringa i november var det denne gongen ikkje noko kunstig varme i tillegg til den naturlege i sommarens populære dansearena. Litt hustrig vart det nok for einkilde. Men dei fleste hadde kledd seg etter årstida og vert Magne Huglen lovar gjennom uskedalen.no at det skal bli både isolasjon og varme når skulen kjem att før neste jul. For vi reknar med att den kjem att. Arrangementet var så vellukka at det bør bli ein tradisjon.



Førsteklassingane song "På låven sitter nissen". (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette var test nummer to for skulen sin del. Den første fann stad i 2002, for då var Aktivitetshuset under byggjing samstundes som Magne hadde feira 50-årsdagens sin på låven og synt at den var ein god feststad. Dåverande rektor Brit Arnesen greip ideen saman med lærar Åse Neset og så vart juleavslutninga halde i låven for første gongen.



Ikkje rart at rektor og programleiar Vidar Haugland var blid... (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sidan har den vore både ute og inne andre stader. Først nå kom den attende på låven, som Magne stilte gratis til disposisjon for eit så godt føremål.

- Heilt perfekt, her ligg det mange treningstimar bak, var konklusjonen frå rektor og programleiar Vidar Haugland då elevane var vel gjennom juleprogrammet sitt. Andre, tredje og fjerde klasse slo til med ein tankjevakkande variant av musevisa – den hadde ein sterk sparebodskap.

Førsteklassingane sjarmerer med sin versjon av 'På låven sitter nissen' og sjetteklassingane las ei svært aktuell forteljing om fjøsnissen. Den fortener eit lite sitat:

' I dag har fjøsnissen det vanskeleg, fordi det er berre nokre få store gardar att og nesten ingen gardar har skikkeleg turrhøy, berre rundballar og silo.

På nokre gardar har dei ikkje dyr heller, og nokre stadar brukar dei låven til danselokale. Då blir det ekstra vanskeleg for fjøsnissane. Men kvar gong det er jul, samlast likevel nissane på låven for å eta graut og ha det kjekt'.

Ein som finles denne teksten og trekk han etter håra kan finna ei anklage der om at dansevert Magne har trakassert fjøsnissen på det grøvste. Vi får berre vona at han ikkje har gjeve opp låven.



Dei spelte vakkert på blokkfløyte: Frå høgre står Marita Kjærland, Ingebjørg Haugland, Kenneth Stensletten, Eirin Rørheim og Kaia Døssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fem sjetteklassingar spela også blokkfløyte rørende vakkert og femteklassingane framførde 'Reven rasker over isen' med oppfinnsomme tablå og ukonvensjonelle instrument.

Så kom julegrauten på bordet med kaffe etterpå og deretter kom turen til gang rundt juletreet til tonane frå trekkspelet til Nils Nåsen.

Dei positive kommentarane var mange etter det vellukka arrangementet og vi tek med berre denne frå Kjell Magne Haugland:

- Kvifor ikkje gjera dette til en tradisjon? Her i Dønhauglåven får både dei unge og vi vera litt slik som vi har lyst til å vera!

Av Ola Matti Mathisen



Og til slutt gjorde det godt med nokre rundar rundt juletreet. (Foto: Ola Matti Mathisen)